



Leiarane i vaksenopplæringa i Hordaland

Invitasjon til å senda inn søknad om midlar til etterutdanningstiltak i vaksenopplæringa

I samarbeid med Kompetanse Norge inviterer Fylkesmannen i Hordaland til etterutdanningskurs torsdag 8. og fredag 9. november 2018.

I tillegg til denne samlinga, inviterer vi regionane til å søkja midlar til kompetanseutvikling for lærarar og leiarar i vaksenopplæringa i eigen region. Kompetansehevingstiltaka må vera innanfor dei rammene som Kompetanse Norge har sett i sine tildelingsbrev til Fylkesmennene (grunnskuleopplæring for vaksne og norskopplæringa), sjå utdrag frå desse dokumenta.

Utdrag frå tildelingsbrev:

Midlene skal i 2018 benyttes til:

- *Etterutdanningskurs og veiledning med tema fra Kompetanse Norge sin kompetansekatalog eller andre kompetansetiltak for målgruppen som dekker lokale behov knyttet til læreplanen, voksenpedagogikk og grunnleggende ferdigheter.*
- *Kompetansetiltak i vurdering av muntlige ferdigheter som forberedelse til gjennomføring av de muntlige prøvene i norsk.*
- *Dersom det er ønskelig, kan det gjennomføres felles arrangement for lærere i grunnskolen etter opplæringsloven § 4A-1 og lærere i norskopplæringen, forutsatt at begge lærergrupper får et relevant tilbud.*

Vedlagt er også oppdatert kurskatalog frå Kompetanse Norge.

Fristen for å senda inn søknad til Fylkesmannen vert sett til 30. august.

Søknaden til oss må innehald tema, stipulert tal deltakarar og total kostnad ved gjennomføringa av kursopplegget.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Grethe Fjeld
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.